



# Fanga to millionar knott på 10 dagar

## Og no vil dei selje knottfeller over heile landet

Ekteparet Toril Rysjedal Bygnes og Gunnar Bygnes har vorte eineimportørar av skotskproduserte knottfeller. No vil dei prøve å stable på beina eit forhandlarnett her i landet.

**HYLLESTAD/GULEN**

**Kenneth Ø. Monsen**  
kenneth.monsen@firda.no



– Etter litt forsiktig annonsering av knottfellene har vi opplevd eit stort påtrykk av folk som vil vite meir. Vi har også starta leveringa

av dei første fellene, seier Gunnar Bygnes.

### Bur i «knotthol»

– Sidan vi sjølv bur i eit «knotthol» i Rysjedalsvika, vart vår interesse for knottfeller vekt då problematikken vart sett på dagsorden i samband med knottplagene på Gulatingstaden ved Eivindvik, fortel ekteparet.

Dei to tok kontakt med den skotske produsenten av knottfeller – Texol, som produserer fellene Midge-eater og Midge-it.

Dei skaffa seg to feller for utprøving heime.

– Våre forsøk viste fort at knottfellene er svært effektive. På ti dagar i juli i år fanga fellene 260 gram knott. Når ein veit at

det går 8000 knott per gram, snakkar vi altså om svært mange individ, seier Gunnar Bygnes.

### Importavtale

Ekteparet gjorde avtale med Texol om import til Norge. I tett samarbeid med Gulatingstaden, fabrikken av dette prosjektet er ifølge Bygnes svært lovande.

Knottfellene, som er drivne av propan og lokkar til seg knotten ved hjelp av CO2 og luktestoffet oktanol, kostar frå om lag 10 000 kroner og opp til 13 000 kroner.

– Svært mange investerer mykje pengar i kostbare terrassar, utemøblar og grillar i rustfritt stål. Men herjinga til knotten gjer at dei ikkje får nytta investeringane. I staden set ein seg innomhus for å unngå dei stikkande insekta. I lys av dette er difor det å investere i ei knottfelle ikkje særleg dyrt, meiner Bygnes.

Brian Frame, sjef for den skotske produsenten av fellene, opplyser at dei i løpet av to år har selt 2000 slike feller – både i heimlandet og i verda elles.

### Reduserer bestanden

Han fortel at slike knottfeller ikkje klarer å rydde eit utemråde for knott, men at dei over tid

fangar så mykje eggleggjande knott at mengda insekt vert til å leve med.

Ekteparet trur knottfeller vil vere svært interessant for både private og folk som driv med næring – mellom anna campingplassar, hotell og serveringsstader.

– Import av knottfeller er noko vi har starta med i tillegg til anna arbeid og drift av gard. Gulatingsprosjektet har vorte så tidkrevjande at vi til no ikkje har hatt kapasitet til å gå tyngre ut med marknadsføringa. Men i løpet av hausten og vinteren vil vi prøve å stable på beina eit forhandlarnett av desse fellene, seier Bygnes.

### KNOTTJEGERAR:

– Fellene verkar, konkluderer Gunnar Bygnes og Toril Rysjedal Bygnes. Til venstre står skotten Brian Frame, administrerende direktør i verksemda Texol som produserer knottfellene.

Foto: Kenneth Ø. Monsen